

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utval:	Møtestad:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Menighetskontoret	onsdag	
kirkelige fellesråd	i sentrum	29.10.-2025	Møte nr. 05/2025
		Kl. 17.00	

Desse møtte:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik
1. vararepr. Gr. MR	: Magnus Beksrud - går inn etter at Trond Goa har flytta

Forfall:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Ann-Christin H Hjellest
------------------------	---------------------------

SAKLISTE:

FR sak 40/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste.....	1
FR sak 41/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 02.09.2025	2
FR sak 42/2025 Økonomiforvaltning	2
FR sak 43/2025 Bygningsstatus i RKF	3
FR sak 44/2025 Oppdatering av prisar på nettsidene våre - utsett frå sist møte.....	3
FR sak 45/2025 Høyring om forslag til endra prostiinnndeling i Stavanger bispedømme	4
FR sak 46/2025 Kjøp av "Nye Landbruken" - utsett frå sist møte	4
FR sak 47/2025 Namna minnelund, Grødem- utsett frå sist møte.....	5
FR sak 48/2025 Orienteringar – utsett frå sist møte	6
FR sak 49/2025 Eventuelt.....	6

Jakob Nærheim
Fellesrådsleiar

Solveig Mjølshes Hatletvedt
Kyrkjevevje

FR sak 40/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent med kommentar om at Magnus Beksrud har gått inn for Trond Goa som 1.vara frå Grødem.

FR sak 41/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 02.09.2025

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 02.09.2025 blir godkjent. Protokollen ligg ved.

Saksbehandling: Sakene som blei utsett i førre møte skal ikkje inkluderast med saksbehandling i protokollen, men berre med vedtak. Dersom det ikkje blei fatta vedtak i saka, skal det framgå at saka har vore diskutert, utan at vedtak blei gjort.

Vedtak: Godkjenning av protokollen for 2.sept, blir lagt fram for godkjenning i neste møte.

FR sak 42/2025 Økonomiforvaltning

Forslag til vedtak: Tertialrapporten for 2.tertial blir tatt til orientering

Saksbehandling: Lønskostnadene ligg under det budsjetterte nivået. Overskotet bør i større grad nyttast til aktivitet, framfor å bidra til eit stort overskot.

Kommunen har for 2026 foreslått følgjande:

- 2 millionar kroner til ventilasjonsanlegg i Grødem kyrkje
- 1,110 millionar kroner til Minnelund som investering
- 10,310 millionar kroner i driftstilskot

Det blir meldt om aukande belastning i personalgruppa. Det bør difor vurderast å styrke bemanninga gjennom bruk av fleire vikarar.

Vedtak: Tertialrapporten for 2.tertial blir tatt til orientering

FR sak 43/2025 Bygningsstatus i RKF

Forslag til vedtak:

Fellesrådet støttar vidare arbeid med vedlikehald og utvikling av kyrkjebygga. Det skal vurderast å gjennomføre ei grundig kartlegging av vedlikehaldsbehov ved Grødem kyrkje, i samarbeid med fagperson med Relevant kompetanse. Kyrkjeverja får ansvar for å følgje opp vedtaket og sikre framdrift i arbeidet.

Saksbehandling: Forventa levetid på taket i Grødem er 15 år, nå er det 25 år. Ein bør laga ein langsiktig drifts- og vedlikehaldsplan for bygga våre. Det er starta opp eit samarbeid med dei andre fellesråda på Nord-Jæren om bygg. Det er viktig å bruke ekspertar som kan utføra omfattande reperasjonar på bygga våre.

Vedtak: FR ber kyrkjeverja komma tilbake med vedlikehaldsplan for alle bygg basert på kartlegging av status. Kritiske ting med vesentleg kostnad bør meldast tilbake til neste møte.

FR sak 44/2025 Oppdatering av prisar på nettsidene våre - utsett frå sist møte

Forslag til vedtak:

Nytt forslag til oppdatering for vigsler:
Endringane blir gjort gjeldande frå 01.11.2025
"Priser på vielse i Randbergkirkene

Vi skiller mellom interne og eksterne vielser.

Intern vielse: En eller begge er medlem i den norske kirke eller har tilknytning til Randberg kommune (en eller begge bor i/vokst opp i eller annen tilknytning til Randberg kommune)

Ekstern vielse: Ingen av brudeparet er medlem i Den norske kirke eller brudeparet har ingen tilknytning til Randberg kommune.

NB! Ved bruk av egen prest/pastor som ikke tilhører Den norske kirke regnes den som ekstern.

Intern vielse: kr 0. Ekstern vielse: kr 4000

Alle vielsene i kirken har inkl prest, kirketjerner og organist.

MERK: Dersom man velger sang og musikk som fører til ekstra øving for organisten, tilkommer det en ekstra kostnad på kr 1000. "

Vedtak: Endringar av prisar på vigslar blir oppdatert frå 1.11-25, basert på forslaget til vedtak

FR sak 45/2025 Høyring om forslag til endra prostiinndeling i Stavanger bispedømme

Forslag til vedtak: Fellesrådet tek høyringsforslaget om endringar i prostigrensene i Stavanger bispedømme til orientering.

Fellesrådet meiner at forslaget manglar konsekvensutgreiing og at endringane som er foreslått kan få uheldige følgjer for lokal samhandling og ressursbruk.

Fellesrådet stiller seg særleg kritisk til forslaget om å slå saman Tungenes prosti med Kvitsøy, Sola, Klepp og Time til eit nytt Nord-Jæren prosti, med prostesete i Time. Det blir peika på at avstanden mellom Randaberg og Bryne kan svekkje samarbeidet med prosten, og at Randaberg kyrkjelege fellesråd truleg vil miste prostesekretærstillinga på 20 %.

Fellesrådet ber om at desse innspela blir tekne med i den vidare behandlinga av høyringa, og at det blir gjennomført ei grundig konsekvensutgreiing før eventuelle vedtak om endringar blir fatta.

Saksbehandling: Prostesete bør vere ein eigen diskusjon etter at prostegrensene er behandla. Er utgangspunktet å spare pengar? Det er ikkje skrive i saksutgreiinga. Det er små grep som er gjort i utgreiinga. Kyrkja i Randaberg har stor aktivitet og mange frivillige medarbeidarar. Kyrkje med lange tradisjonar, bla stavkyrkje sidan 1100 talet. God samarbeid i Tungenes og korte avstandar.

Vedtak: FR vil gi høyringsuttalelese og ber kyrkjeverja gi uttale i forhold til saksbehandling i møtet, i samråd med Eivind.

FR sak 46/2025 Kjøp av “Nye Landbruken” - utsett frå sist møte

Forslag til vedtak: Fellesrådet er positive til arbeidet som er gjort av ei gruppe i Randaberg menighet. Likevel er det vanskeleg for RKF binda seg til noko som framleis er uklart. Ein må komma tilbake med sak når det foreligg eit konkret forslag med både intensjonsavtale og pris på bygget.

Saksbehandling: Randaberg menighet ber om svar på kven som skal vere ansvarleg eigar av "Nye Landbruken"?

Dersom RM eig bygget vil FR gi ein intensjonsavtale om leige?

Vil kommunen ta ansvar for bygget? Har bispedømme noko ansvar i dette
Kommunen vil ikkje stille seg økonomiske ansvarleg for bygget. Eigarskapet må ligga til menigheten/soknet. Bispedømme har ikkje noko ansvar i dette.

Fellesrådet kan gi ein intensjonsavtale om ein ønsker å leige

RM må stå ansvarlege for bygget. Kven skal vere ansvarlege for/drive bygget? Bør menighetsrådet drive administrasjon, i staden for lokale for Aktivitet?

Vedtak: Fellesrådet har tillit til at Randaberg menighetsråd gjer gode vurderingar i samband med eit eventuelt kjøp av «Nye Landbruken». Fellesrådet meiner at Randaberg menighetsråd må stå som ansvarleg eigar.

Fellesrådet er positive til å inngå ein intensjonsavtale om leige av hensiktsmessige kontorlokale, innan følgjande rammer:

- **Varigheit:** Intensjonsavtalen gjeld til 31.12.2026, med moglegheit for fornying.
- **Leige:** Årleg leigebeløp skal fastsetjast til marknadspris, basert på lokale sin størrelse, standard og bruk.
- **Tilpassing:** Lokala sin storleik og funksjon må tilpassast fellesrådet sitt behov.

FR sak 47/2025 Namna minnelund, Grødem- utsett frå sist møte

Forslag til vedtak: Fellesrådet tar orienteringa til etterretning og ber kyrkjeverja om å utgreie saka vidare.

Saksbehandling: Roald Pedersen, Hagen gard og gartneri, orienterte. Må urnene vere i nærleiken av minnesmerket? Positivt for oss som folkekyrkje å tilby minnelund for breidda av innbyggjarane våre. Minnelunda blir kun for urner.

Det må lagast eit skilt med info når minnelunda står ferdig.

Kommunedirektøren har lagt forslag om tilskot til minnelund for 2026.

Minnelunda bør stå ferdig i løpet av 2026.

Vedtak: Fellesrådet tar orienteringa til etterretning.

FR sak 48/2025 Orienteringar – utsett frå sist møte

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Personalsituasjonen
- b. Ungdomsarbeidet - Meet, bassenget
- c. Utebelysning av kyrkjene blir lagt inn i budsjettet for 2026
- d. Justering av utleigesatsar for Grødem kyrkje – hovudetasjen frå kr 5000 til Kr 6500 for at det skal bli likt utleigeprisen på Randaberg kyrkje og kyrkjestova.
- e. Neste FR-møte er tysdag 9.des kl 17 i Grødem.

Vedtak:

FR sak 49/2025 Eventuelt

Saka gjeld: Ingen saker til eventuelt